

Arkivverket
Postboks 4013 Ullevål Stadion
0806 Oslo

postmottak@arkivverket.no

Tyssedal, den 16. april 2026

Sluttrapport – Kart og teikningsarkiv frå Odda smelteverk

Dette prosjektet ble gjennomført som eit resultat av søknad på arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket i 2020. Bakgrunnen for prosjektet har vore å få digitalisert teikningsarkivet etter Odda smelteverk, samt gjera dette tilgjengeleg for publikum. I tillegg har hensikta vore å få sikra dei originale teikningane i klimastyrte magasin. Omfanget av arkivet er på om lag 20 000 teikningar, og det blei førespegla at prosjektet kunne ta unna opp mot 5000 av desse.

Arkivverket gav tilsegn om kr. 300 000 i prosjekt og Kraftmuseet har bidrege med kr. 318 795 i egedel. Samla driftskostnader er såleis på kr. 620 381 per 31.01.2026.

Arbeidet med prosjektet starta våren 2021. Fleire personar har vore involvert gjennom prosjektperioden, og det blei satt endeleg sluttdato i januar 2026. Det er fleire grunnar til at prosjektet fekk så lang varigheit. Sjukdom, informasjonsoverføring og tekniske utfordringar med scanner har vorde dei mest sentrale problema.

Erfaringane vi har gjort så langt er likevel gode, med ei bratt læringskurve i byrjinga, noko som har gjort at vi har opparbeida oss ein solid kompetanse innan eigne rekker på denne typen arbeid. Etter kvart som det vert allmenn kjend at arkivmaterialet er tilgjengeleg for publikum, ser vi eit stadig større potensiale for bruken av digitale plattformer for offentleggjering av søkbare dokument.

Vi er derfor godt nøgde med resultatet. Ved prosjektslutt har det vorte digitalisert 10 684 teikningar, 3914 teikningar har vorte lagt inn i Digitalarkivet og vel 3543 teikningar er indekserte. I tillegg merker vi stor interesse av dette arkivet. I 2025 hadde vi 25 240 visningar på teikningane i digitalarkivet.no. Med bakgrunn av den store merksemda frå publikum har vi planer om å forsetja arbeidet med å digitalisera teikningane frå arkivet, men da i eigen regi.

Signert
Avd. leder samling
Lasse Tverdal

